

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 7.4.2022 kl.17:00-18:30 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Anne Kjersti Frøyen, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Geir Wiknes

Opning v/Arild: Talent å lytte

Saksnr.		Ansvar
18/22	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll.	
19/22	Gudstenesteforordning Geir presenterte «Innspelet til revidering av forordninga for Leveld, Torpo og Ål sokn frå 2022» datert 7.april 2022 som vart utdelt. Dokumentet foreslår eit totalt antal på 94 gudstenester fordelt på 25 i Leveld, 24 i Torpo og 45 i Ål. Soknerådet stiller seg bak den vurderinga som er gjort og konklusjonen i dette innspelet. Prosten har gjeve signal om at det må bli gjort ei ny vurdering om eit par år.	Staben
20/22	Soknemøte Det blir arrangert soknemøter onsdag 20.april i alle tre soknekyrkjene. Torpo: kl 1730, Leveld: kl 1900. Ål: kl 2030. Annonsering i Hallingdølen 12.april.	Kjellfred?
21/22	Felles sokneråd I Ål fellesrådsområde er det tre sokn - Leveld, Torpo og Ål. Me ynskjer å framleis ha det slik. Dei to siste valperiodane har me likevel hatt eitt felles sokneråd. Her har det vore to representantar frå Leveld sokn, to frå Torpo sokn og fire frå Ål sokn. Erfaringane med eit felles sokneråd er gode, og me søker derfor om å halde halde fram med dette som ei fast ordning.	
22/22	Helsingar til konfirmantane Soknepresten foreslår å endre gåve frå rose til gripekors. Soknerådet stiller seg bak dette framlegget. Torpo 8.mai: Birger Leveld 12.juni: Torfinn Ål 15.mai: Anne Kjersti Ål 11.juni: Liv Margit	Staben
23/22	Dugnad på kyrkjegardane Dagar må avgjerast i samråd med kyrkjetenarar. Leveld og Torpo vil halde fram med laurdagar og Ål ein vekedag. Torpo vil satse på 30.april kl 1000. Leveld satsar på 14.mai kl 1000. Ål satsar på 4.mai kl 1700.	Staben
24/22	Meldingar Ingen	
17/22	Eventuelt Torfinn informerte om status for planlegginga om ungdomsklubb. Arbeidsgruppa vil avklare kva mandat denne styringsgruppa har i forhold til val av ungdomsleiar. Soknerådet har eit formelt ansvar for gjevarkontoen og indirekte arbeidsgjevaransvar via fellesrådet. Difor må det gjerast eit vedtak i soknerådet om tilsetjing. I praksis vil det berre vere i svært spesielle tilfelle at soknerådet ikkje vil følgje innstillinga frå styringsgruppa her. Det er eit generelt ynskje å bli orientert om det vidare arbeidet med ungdomsarbeidet.	
	Neste møte: 5.mai kl 17:00	
		Referent: Torfinn Slåtto